

Nå er det fullmåne

Når vi har fullmåne, er månen heilt rund.
Han heng som ein ball på himmelen.
Du ser at han lyser om natta.
Lyset lagar skuggar av trea.
Etter fullmåne blir månen mindre.
Til slutt blir han til ein strek.
Etter det er månen borte.

Mange gler seg til fullmåne.
Dei ser mot himmelen.
Dei følger med på korleis månen ser ut.
Først er månen ein liten, tynn strek.
Men så blir streken tjukkare.
Snart er han blitt fullmåne igjen.

Brukar du månen når du saknar nokon?
Det er mange som gjer det.
Dei ringer til den dei saknar.
Så avtalar dei å sjå på månen samtidig.
Då er dei litt saman likevel.

Bjørn Arild Ersland



Nå er det fullmåne

Månen kan vere heilt rund.

Då er det fullmåne.

Etter fullmåne blir månen mindre.

Nokre gongar er han heilt borte.

Men månen kjem alltid tilbake.

Først er han ein liten, tynn strek.

Streken blir tjukkare.

Snart er det fullmåne igjen.

Brukar du månen når du saknar nokon?

Mange gjer det.

Dei ringer ein ven.

Så ser dei på månen samtidig.

Då er dei litt saman likevel.

Bjørn Arild Ersland



Månen

Månen er rund som ein ball.
Ein rund måne heiter fullmåne.

Saknar du nokon?
Ring ein ven.
Sjå på månen samtidig.
Då er de litt saman likevel.

Bjørn Arild Ersland

KRISTOFFER KVØLBERG 2022